

# PLAN FOR FORVALTNING AV HJORTEVILT I SOGNDAL KOMMUNE 2011 – 2015

## **Innleiing:**

Viltforvaltninga vert regulert av Lov om viltet av 29.05.1981. I Kapittel 1. Formål og omfang §1 heiter det at ”*Viltet og viltets leveområde skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.*”

## **Status:**

År	Tal tildelte fellingsløyve	Tal felte hjort	Fellingsprosent
2005	555	351	63
2006	552	386	62
2007	603	449	74
2008	922	558	60
2009	821	504	61
2010	911	562	61

I 2010 vart det felt 562 hjort. Stipulert gjennomsnittleg slaktevekt på 50kg pr. dyr gjev 28100 kg kjøt. Med ein salspris på kr. 70,- pr. kg gjev dette ein kjøttverdi på om lag 1,9 mill kr. i Sogndal. I tillegg kjem jaktverdien som ofte vert sett til kr. 7000,- pr. dyr ( 3,9 mill.) og inntekter frå overnatting, mat, guiding, kursing m.m. For nokre grunneigarar er hjortejakta ein viktig næringsveg, mens det handlar om fritidsaktivitet og matauk for dei aller fleste jegerane i Sogndal.

## **Valdorganisering:**

Det er eit overordna mål at forvaltninga skal bli grunneigarstyrt. Vi har no 5 storvald som vert tildelt løyve etter bestandsplan. Dette er Fjærland storvald med 70.103 da, Sogndal storvald med 123.307 da, Kaupangerhalvøya storvald med 57.079 da, Kaupanger Hovedgård med 39.736 da og Amble gård 23.028 da. Vi har og 18 småvald som pr. dags dato ikkje har ynskt eller hatt mogelegheit til å vere med i eit storvald. Totalt godkjent teljande areal er 407.082da. Det betyr at 80% av arealet ligg i storvald. Det er ynskjeleg med full deltaking i den grunneigarstyrte forvaltninga. Kommunen har likevel ikkje planar om å gjere mykje arbeid for å organisere dei som no står att, men reknar med at dei kjem inn i storvald etter kvart.

**Hjorteutvalet :** består av personer valde frå dei ulike sonene, der både store og små vald er representert.

**Valdansvarlegmøte:** fungerer som kontaktpunkt mellom kommune og vald og vert halde ein gong om våren.

## **Kommunal forvaltning:**

Kommunen tildeler kvote til valda etter bestandsplan og etter minsteareal. Minsteareal vart endra våren 2010 og er 400 da i sone 1,3,4 og 5, 500da i sone 6 og 7 og 600 da i sone 2.

## **Sett- hjort:**

Direktoratet for naturforvaltning har pålagt jegerane å føre sett – hjort skjema. Dette gjev grunnlag for å vurdere bestand i ulike område og vert nytta i samband med fastsetting av minsteareal og tildeling av kvote.

## **Merkeprosjekt:**

Sogndal har saman med Luster og Leikanger vore med i merkeprosjektet og har merka dyr i 2009 og 2010. Dyr som framleis går med klave er det ynskjeleg å få tatt av klaven.

**Ettersøkslag/ ettersøksekipasjer:**

I Sogndal er det for tida bra med ettersøksekipasjer og eit velfungerande lag med 11 aktive ekipasjer som dekker heile kommunen. Ettersøkslaget gjer avtale med jegerane i samband med jakta og har vaktordning gjennom store deler av året. Ettersøkslaget har avtale med kommunen om søk i kommunal regi i samband med påkøyrslar m.m.

**Jegeropplæring:**

Sogndal Jeger og fiskeforening driv med opplæring av jegerar og står for jegerprøven. Jegerprøven vert teken elektronisk. Dei ynskjer og samarbeid om opplæring av jaktleiarar.

**Skyteprøven:**

Dei lokale skyttarlag , Norane, Sogndal og Fjærland arrangerer skyteprøven og gjer eit viltig arbeid med skytetrening.

**Jaktoppsyn:**

Sogndal kjøper tenester frå Luster kommune og har jaktoppsyn fordelt gjennom heile jakta.

**Skader:**

Det er registrert trafikkskader ved fleire område i kommunen. Det er spesielt mange påkøyrde dyr på Mannhellervegen mellom Skogly og Mannhelltunnelen. Det er og sporadisk påkøyrslar i andre deler av kommunen. Tal påkøyrslar er noko redusert dei siste åra.

Hjort beiter på innmark over heile kommunen, unnateke der det er oppsett og vedlikehalde hjortegjerde. Det er mest uro kring dette i Kaupanger og truleg er problemet størst der i samband med vinterbeiteområde. Det har vore nytta uttak av hjort før jakta for å dempe skadeomfanget.

**Jakttid:**

Det har vore utvida jakt til 23. desember dei siste åra. Dette held truleg fram. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har mynde til å utvide jakttida. Kommunane skal høyrast.

**Viltfond:**

Viltfondet er heimla i Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Føremålet med viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen. Fondet kan nyttast til å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid, i regi av organisasjonar, einskildpersonar eller kommunen. Det kan og nyttast til å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt og til tiltak for å førebyggje skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt. Fellingsavgifter skal krevjast inn for felte dyr. Viltfondet kan og nyttast til kursing av sentrale personar innan hjorteviltforvaltninga t.d. viltforvaltar, medlemmer i hjorteutvalet m.fl.

**Kontroll av felt vilt:**

Kommunen får frå tid til anna melding om at vi får inn urette opplysningar om felt hjort frå einskilde vald. Dette gjev oss feil i datagrunnlag om kva vi feller og såleis kva vi skal halde fram med å gjere for å få god forvaltning. Det er og eit etisk problem å la juksemarkarane få halde fram og det kan vere urimeleg i høve innbetaling av fellingsavgifter. Kommunen kan innføre kontroll av alle felte dyr ved å krevje innlevering av kjever og ovariar gjennom jakta. Dette vil krevje ein del tid og ein fryseboks. Vi må og lage eit system for sanksjonering der det vert gjort uregelmessigheiter. Vi har og noko problem med innrapportering og bør vurdere å innføre regelverk med sanksjonering i desse høva.

**PLAN****Mål:**

Sogndal kommune har som mål å ha ein bestand av hjortevilt, i hovudsak hjort, som er tilpassa den naturlege næringstilgangen, som er i god kondisjon og som medfører minimale skader på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta.

Rådyr og elg bør, som ei naturleg utvikling, etablere faste bestand før det vert opna for jakt.

## **Strategi:**

1. Overordna styring frå kommune for å fremje human jakt og god organisering av jakt og redusere bestanden av hjort til eit nivå som er berekraftig.
2. Større grad av grunneigarstyrte forvaltning, både ved å gje grunneigarane større medverknad og ved å initiere at fleire vert organisert i storvald og driv forvaltning etter bestandsplan.
3. Følgje utviklinga av rådyr og elg og ev. åpne for jakt.
4. Halde fram det gode samarbeidet med:
  - \* grunneigarar gjennom hjorteutvalet og valdansvarlegmøte
  - \* jegerar gjennom Sogndal Jeger – og fiskeforening og ved jegermøter
  - \* skyttarlaga
  - \* Sogndal ettersøkslag.
5. Halde fram med bruk av jakttoppsyn.
6. Nytte viltfondet til :
  - a. ettersøk etter påkøyrslar og andre kommunale ettersøk ( ikkje ordinære ettersøk for jeger i jakta)
  - b. innleige av jakttoppsyn
  - c. auke kunnskap og interesse for vilt og viltforvaltning
  - d. tiltak som kan verne om og fremje viltinteressene
  - e. andre gode tiltak knytt til viltforvaltning.